

SELSKAPSAVTALE FOR

NORDHORDLAND REVISJON IKS

§ 1 SELSKAPET SITT NAMN OG DELTAKARAR

Selskapets namn er Nordhordland Revisjon IKS.

Nordhordland Revisjon IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskaper.

Deltakarar i selskapet er kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

§ 2 SELSKAPET SITT HOVUDKONTOR

Nordhordland Revisjon IKS har sitt forretningskontor i Lindås kommune.

§ 3 SELSKAPET SITT FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Nordhordland Revisjon IKS har som oppgåve å utføre revisjon i kommunar i høve til Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 60.

Nordhordland Revisjon IKS skal på vegne av kommunestyret og kontrollutvalet stå for jamleg kontroll med forvaltninga i kommunar i høve til forskrift om revisjon og forskrift om kontrollutval. Arbeidsområdet er nærmere definert i forskrift om revisjon.

Nordhordland Revisjon IKS skal vidare ha som føremål å kunna tilby sine revisjons- og rådgjevingstenester ovanfor ulike verksemder som kommunar er økonomisk involvert i, eller har andre interesser i. Selskapet kan også tilby sine tenester til private selskap med og utan revisjonsplikt.

Alle eksterne oppdrag som ikkje er ein del av kommunen si forvaltningsverksemnd skal vera sjølvfinansierande. Avtale om revisjon vert inngått mellom oppdragsgjevarane og Nordhordland Revisjon IKS ved dagleg leiar/revisjonssjef.

§ 4 DELTAKARANE SIN EIGARDEL OG ANSVAR

Dei enkelte deltakarar hefter med heile sin formue for sin del av revisjonen si samla forplikting. Det skal ikkje innbetalast nokon eigardel. Ved eventuell seinare innskot av

eigenkapital skal det skje i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel, slik denne er fastlagt i denne regel.

Eigar- og ansvarsdelen frå og med 01.01.2016 fordeler seg slik;

Austrheim	10,8 %
Fedje	2,2 %
Masfjorden	6,5 %
Meland	29,6 %
Modalen	1,4 %
Osterøy	30,2 %
Radøy	19,3 %

Eigardelen kan endrast ved at deltakarar trer inn eller ut av selskapet, og ved at ansvarsdelen vert regulert i høve til folketalet kvart 4. år, første gang pr. 1.1. 2008.

Nordhordland Revisjon IKS sine årlege driftsutgifter vert fordelt etter følgjande nøkkel;

Eit grunnbeløp på kvar deltakarkommune.

Revisjonen sine netto budsjetterte utgifter vert fordelt mellom dei deltakande kommunar etter registrert tidsforbruk i den enkelte kommune.

Revisjonen føretok jamleg registrering av tidsforbruk for den enkelte kommune. Revisjon av interkommunale samanslutningar, kommunale føretak og interkommunale selskap, fellesråd og sokneråd, overformynderi, stiftingar og legatrekneskap, samt andre særrekneskap som ikkje vert knytt til kommunane sine rekneskap, vert å registrere serskild og belasta ut frå timepris eller godtjersle fastsett av styret. Desse inntektene, saman med andre inntekter, går til frådrag i dei totale utgifter som skal fordelast mellom deltakarkommunane.

§5 SELSKAPET SI LEIING

Selskapet vert leia av eit representantskap, eit styre og ein dagleg leiar/revisjonssjef.

§ 6 REPRESENTANTSkapET

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og er samansett av 7 representantar. Representantane har funksjonstid på 4 år.

Ordføraren i dei deltakande kommunar er kommunen sin representant med varaordførar som vararepresentant. Dagleg leiar/revisjonssjef i selskapet og medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

Ved votering i representantskapet skal representantane sine stemmer telja i høve til deltakarane sin eigar- og ansvarsdel.

Funksjonstida går frå det tidspunkt alle dei deltakande kommunestyra har vald sine representantar i etterkant av kommunestyrevalet, men seinast frå 01.01. komande år. Representantskapet konstituerer seg sjølv.

Konstituerande representantskapsmøte handsamar mellom anna;

- Val av leiar i representantskapet
- Val av nestleiar i representantskapet
- Val av valnemnd, sjå § 7
- Val av styre, med varamedlemer i nummerert rekkefølge
- Val av styreleiar og nestleiar til styret

Ordinært representantskapsmøte handsamar mellom anna;

- Budsjett og økonomiplan
- Årsmelding og rekneskap
- Overordna mål og retningsliner for drifta
- Møtegodtgjering for deltaking i representantskap og styre
- Val av revisor og godtgjering
- Rammer for låneopptak
- Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Representantskapet er vedtaksfør når minst 4 representantar er tilstades, og desse representerer minst 2/3 av stemmene.

Vedtak kan av representantskapet gjerast med alminneleg fleirtal av dei gjevne stemmer. Ved handsaming av budsjett og rekneskap vert det kravd kvalifisert fleirtal (2/3). Om kvalifisert fleirtal ikkje vert oppnådd ved første gongs handsaming, skal saka handsamast på nytt i eit seinare møte, og då kan vedtak gjerast med alminneleg fleirtal.

Dagleg leiar/revisjonsjef og styret sin leiar har rett og plikt til å møta i representantskapet med mindre det er openberty unødvendig, avgjersle ligg til representantskapet, eller det føreligg gyldig forfall. I sistnemnde tilfelle kan det utpeikast ein stedfortredar, kor det er føremålstenleg. Alle styremedlemene har møterett og desse, samt dagleg leiar/revisjonsjef har alle talerett, men representantskapet kan oppheve retten i enkeltsaker.

Dagleg leiar/revisjonsjef eller tilsette i revisjonsselskapet kan ikkje veljast til medlem av representantskapet. Tilsette i kommunar eller i andre verksemder, der Nordhordland Revisjon IKS er vald som revisor, kan ikkje vere medlem av representantskapet.

Representantskapet kan sjølv vedtaka deltaking i eit anna interkommunalt selskap innanfor sitt føremål og ansvarsområde.

§ 7 VALNEMND

Representantskapet vel på konstituerande møte ei valnemnd på 3 medlemmer og 2 varamedlemmer frå representantskapet. Valnemnda skal førebu og kome med framlegg til vedtak i val representantskapet skal føreta, jf. § 6, vedrørande val av styre med varamedlemmer i nummerert rekkefølge og val av styreleiar og nestleiar til styret.

Representantskapet utarbeider retningslinjer for valnemnda sitt arbeid. Administrasjonen i selskapet er sekretær for valnemnda.

§ 8 REPRESENTANTSkapet sine møter

Representantskapet sin leiar kallar inn til møte når det er naudsynt for handsaming av ei sak som etter lova eller selskapsavtalen skal handsamast av representantskapet, og når det elles er naudsynt for handsaming av ei bestemt sak.

Representantskapet sin leiar pliktar å innkalla til møte når styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst ein tredel av representantskapet sine medlemer krev det for handsaming av ei bestemt sak.

Innkalling til ordinære møter i representantskapet skal gjerast med minst fire vekers varsel, og skal innehalde saksliste. Representantskapet sin leiar kan innkalla representantskapet med kortare fristar i tilfeller der dette er naudsynt. Tilsvarande skal også dei enkelte deltakarar varslast om innkallinga og sakslista.

Representantskapets leiar er møteleiar, eller i hans fråver nestleiar. Er ingen av dei tilstades vel representantskapet ein møteleiar.

Leiaren skal syte for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møtedeltakarane. Styret sine medlemer og dagleg leiar/revisjonssjef har rett til å få sitt syn på ei sak innført i protokollen.

§ 9 STYRET

Styret i selskapet er samansett av fem medlemer. Ingen kommune kan ha meir enn ein medlem i styret.

Styret sine medlemer og 3 varamedlemer i nummerert rekkefølgje vert valde av representantskapet, og fortrinnsvis mellom medlemene i kontrollutvala i deltakarkommunane. Funksjonstida er 2 år. Attval kan finne stad. Dei tilsette har høve til å velje ein observatør som har møte- og talerett.

Spørsmål om fritak for styreverv vert handsama av representantskapet, og styremedlemen har rett til å fråtre når særlege tilhøve føreligg.

Forvaltninga av revisjonsselskapet hører inn under styret, som har ansvar for tilfredsstillande organisering av revisjonen si verksemnd. Styret skal sjå til at verksemda driv i samsvar med IKS-selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, revisjonen sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner fastsett av representantskapet, og skal syte for at bokføringa og formuesforvaltninga vert tilfredsstillande ivaretake.

Styret skal føra tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Styret skal syta for at saker som skal handsamast av representantskapet er tilstrekkeleg førebudd.

Styret fastset løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette, og har ansvar for andre funksjonar som fylgjer av arbeidsgjevaransvaret i høve til gjeldande lov- og avtaleverk. Tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av dagleg leiar vert føreteke av styret, medan tilsetjing, suspensjon, oppseiing og avskjed av anna personell vert delegert til dagleg leiar.

Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde ovanfor dagleg leiar.

Dagleg leiar/revisjonssjef eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer av styret. Tilsette i kommunar eller tilsette i andre verksemder, der Nordhordland revisjon IKS er vald som revisor, kan ikkje vere medlem av styret.

Dei tilsette sin observatør trer ut av styret når den tilsette sluttar. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av funksjonstida.

§ 10 STYRET SINE MØTER

Styret er vedtaksfør når minst 3 medlemer er tilstades. Kvart medlem i styret har ei stemme. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande.

Styret sin leiar skal syte for at det vert halde møter så ofte som det trengs. Medlem av styret og dagleg leiar/revisjonssjef kan krevja at styremøte vert halde. Styremøte vert leia av styret sin leiar eller i vedkomandes fråver av nestleiar. Dersom ingen av dei er tilstades vel styret ein møteleiar.

Styret sin leiar skal syte for at vert ført protokoll frå styremøta. Reglar om habilitet, skal fylgjast ved handsaming av saker i styret, jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 2002, jf. § 15.

Dei tilsette sin representant har ikkje høve til delta i handsaminga av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarane, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

Møteinnkalling med sakspapir skal sendast representantskapet sin leiar, styremedlemene, eigarane ved ordførar, rådmann og selskapet sin revisor.

§ 11 DAGLEG LEIAR – REVISJONSSJEF

Nordhordland Revisjon IKS vert leia av dagleg leiar/revisjonssjef som vert tilsett av styret. Styret har generell instruksjons- og omgjeringsmynde ovanfor revisjonssjef.

Dagleg leiar/revisjonssjef har ansvar for den daglege leiing av selskapet, og skal fylge dei retningsliner og instruksar som styret har gjeve. Den daglege leiinga femner ikkje om saker som etter revisjonsselskapet sine tilhøve er av uvanleg art eller av stor prinsipiell karakter for selskapet. Slike saker kan berre avgjerast når styret i den enkelte sak har gjeve revisjonssjef mynde til det, eller når styret sitt vedtak ikkje kan utsetjast utan vesentleg ulempe for revisjonen si verksemd. Styret skal då snarast mogeleg verta gjort kjent med saka. Styret

avgjer kva som etter revisjonsselskapet sine tilhøve er av uvanleg art eller stor prinsipiell karakter.

Dagleg leiar/revisjonssjef er representantskapet og styret sin sekretær og sakshandsamar. Revisjonssjef har tale- og forslagsrett i styret sine møter, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunna møta. Dagleg leiar/revisjonssjef kan delegera sitt mynde til andre tilsette.

§ 12 FORPLIKTING AV SELSKAPET

Styret representerer og forpliktar selskapet overfor andre. Styret kan gje styret sin leiar, anna styremedlem eller dagleg leiar rett til å forplikte selskapet, eventuelt avgjere om at dei som har slik rett må utøve denne i fellesskap.

Dagleg leiar/revisjonssjef representerer selskapet overfor andre i saker som kjem inn under dagleg leiar/revisjonssjef sitt mynde i samsvar med § 11.

§ 13 HANDSAMING AV BUDSJETT OG REKNESKAP

Representantskapet vedtek budsjett for komande år og økonomiplan for dei neste 4 år. Årets budsjett skal innehalde ei fordeling av utgiftene på dei enkelte deltakarane.

Økonomiplan for dei komande 4 år og budsjett for det komande år skal sendast deltakarane til informasjon. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for selskapet sitt budsjettarbeid og anna planleggingsarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver slik som tildømes investeringsplanar og finansieringa av desse. Økonomiplanen skal også innehalde eit oversyn over selskapet si totale gjeld, garantiansvar og utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Styret førebur representantskapet si handsaming av føresetnadene og rammene i budsjettet. Dersom styret sitt forslag går ut over tidlegare føresetnader, skal representantskapet og deltakarane gjerast merksam på dette. Det same gjeld om styret må fremja forslag til endringar i vedtekne budsjettrammer for selskapet.

Representantskapet skal innan 1. november handsame styret sitt framlegg til økonomiplan og budsjett.

Årsrekneskap skal vera avlagt innan 15. februar etter årets utgang.

Representantskapet skal ta stilling til disponering av overskot eller dekning av underskot i resultatrekneskapen.

Dersom det synest å verte vesentleg svikt i inntekter eller vesentleg auke av utgifter i høve til budsjettet, skal styret straks gje melding om dette til leiaren av representantskapet. Denne skal kalle inn til møte i representantskapet, der styret gjer greie for budsjettavviklet og legg fram forslag til revidert budsjett.

Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipper.

§ 14 LÅNEOPPTAK OG GARANTISTILLING.

Representantskapet gjer vedtak om lånepoptak. Øvste ramme for revisjonsselskapet sitt samla lånepoptak er kr 2.000.000. Det kan berre takast opp lån til investeringsføremål, til likviditetsføremål og konvertering av eldre gjeld. Lån til likviditetsføremål må gjerast opp før rekneskapen for vedkomande år vert fastsett. Dersom det er rekneskapsunderskot som etter økonomiplanen skal dekkjast over fleire år, kan motsvarande lån betalast tilbake over det same tidsrommet.

Styret får fullmakt til å ta opp lån etter vedtak i representantskap, samt godkjenne lånevilkår.

Revisjonsselskapet kan ikkje stille garanti eller pantsette eine eidedalar som trygd for andre sine økonomiske forpliktingar. Selskapet skal ikkje låne ut pengar til eigne tilsette.

Styret har fullmakt til å inngå leasingavtalar knytta til kontorutstyr og data. Desse avtalar må ligge innanfor revisjonen si samla grense for lånepoptak på kr 2.000.000.

§ 15 MØTEGODTGJERSLE

Representantskapet gjer vedtak om møtegodtgjersle for deltaking i representantskapet og styret.

§ 16 ARBEIDSGJEVARANSVAR OG –TILKNYTING

Styret har arbeidsgjevaransvaret for dei personar som til ei kvar tid er tilsett i selskapet. Revisjonsselskapet skal vere medlem av KS bedriftsarbeidsgjevarorganisasjon.

§ 17 UTLEGG, ARREST MV

Selskapet sin eide dom kan ikkje vere gjenstand for utlegg eller arrest. Konkurs og gjeldsforhandlingar etter lov av 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandlingar eller konkurs kan ikkje opnast i selskapet.

§ 18 ENDRINGAR I SELSKAPSAVTALEN

Selskapsavtalen kan endrast ved at deltakarane gjer likelydande vedtak om dette. Endringar/tilføyinger i selskapsavtalen som kan og som må gjerast med likelydande vedtak i deltakarkommunane er saker som gjeld;

1. Revisjonsselskapet sitt namn
2. Endre deltakarar/nye deltakarar, jf. § 1
3. Selskapet sitt føremål
4. Den kommune der revisjonsselskapet har sitt hovudkontor
5. Tal styremedlemer

6. Deltakarane si innskotsplikt og plikt til å føreta andre ytingar ovanfor revisjonen.
7. Den enkelte deltar sin eigardel i revisjonsselskapet og den enkelte deltar sin ansvarsdel i selskapet.
8. Tal medlemer i representantskapet og kor mange medlemer den enkelte deltar nemner opp.
9. Anna som etter lov skal fastsetjast i selskapsavtalen.

Andre endringar i selskapsavtalen kan vedtakast av representantskapet med tilslutnad av minst to tredelar av dei gjevne stemmer.

Endringar/tilføyinger i selskapsavtalen kan fremjast av styret, representantskapet eller ein eller fleire av deltarane.

Representantskapet skal i alle tilfeller få høve til å uttale seg om forslag til endringar av selskapsavtalen før desse vert fremja til handsaming.

§ 19 VOLDGIFT

Eventuell tvist om forståing av selskapsavtalen og om fordeling av utgifter eller i samband med det økonomiske oppgjeret etter opplysing, vert avgjort endeleg av ei voldgiftsnemd på fem medlemer som vert oppnemnd av Fylkesmannen i Hordaland, om ikkje anna ordning fylgjer av lov eller forskrift.

§ 20 UTMELDING OG OPPLOYSING

Den enkelte deltar kan med eit års skriftleg varsel einsidig sei opp si deltaking etter reglane i "Lov om interkommunale selskaper".

Utløysingssummen er andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp, men kan under inga omstende vere høgare enn verdien av deltarane sitt innskot i selskapet.

Den deltar som går ut av selskapet, heftar framleis for sin del av den gjelda selskapet har på det tidspunktet deltarane går ut av selskapet inntil deltarane må sjåast å ha vorten friteken av kreditorar i selskapet.

Representantskapet fastset ny eigardel og deltaransvar etter utmelding for dei attverande deltarane.

Selskapet kan opplysts dersom deltarane er einige om dette. Det er deltararkommunen sitt kommunestyre som treffer vedtak om dette. Dersom ein deltar er eit interkommunalt selskap, er det representantskapet i selskapet som treffer vedtak om opplysing. Ei opplysing må godkjennast av departementet.

Eigardel vert lagt til grunn ved fordeling ved eventuell opplysing. Gjennomføring av oppgjeret skjer ved registrering av verdiar målt i kroner, berekning av eigardelen sin verdi i kroner og tilbakeføring av midlar i form av kontantoppgjer, eller naturalia innan den sum eigardelen sin kroneverdi utgjer.

Styret plikter å melde frå om avviklinga til Føretaksregisteret i Brønnøysund. Elles gjeld reglane for utmelding, opplysing og avvikling i Lov om interkommunale selskaper.

§ 21 IVERKSETJINGSTIDSPUNKT

Selskapsavtalen gjeld frå 1. januar 2005

§ 22 ANDRE REGLAR


Elles gjeld den til kvar tid gjeldande Lov om interkommunale selskap.

Selskapsavtalen er utarbeidt i 9 eksemplar, der deltarane har fått kvar sitt. Det åttande eksemplaret er sendt Fylkesmann i Hordaland og det niande skal oppbevarast hjå Nordhordland Revisjon IKS.

Isdalstø den 27.05.2016



Per Lerøy, ordførar
Austrheim kommune



Stian Herøy, ordførar
Fedje kommune



Karstein Totland, ordførar
Masfjorden kommune




Øyvind H. Oddekalv, ordførar
Meland kommune



Tom Kristian Thorsen, ordførar
Modalen kommune



Jarle Skeidsvoll, ordførar
Osterøy kommune



Jon Askeland, ordførar
Radøy kommune